



Ulvik
Herad




Aurland
Kommune




Lærdal
Kommune



Hemsedal
Kommune



Hol
Kommune



Ål
Kommune

Informasjonsskriv frå CWD koordinator 4. kvartal 2020

Etter påvisinga av skrantesjuka på Hardangervidda i september, og bestilling av ein ny VKM rapport er det meste av planlagt arbeidet no sett på vent. Den nye VKM rapporten er lova overlevert 26 januar 2021. Når den er kommen har meir oversikt over situasjonen, og kva verkemiddel som vert teke i bruk i samband med CWD på Hardangervidda.

Reknar med at Sone 2 i Nordfjella vert omtala i rapporten.

Seinare skal det komme ein VKM rapport fase 2 denne rapporten vil komme med forslag til tiltak. Denne er enno ikkje bestilt. Tidspunkt for ferdigstilling av denne rapporten er ikkje bestemt.

Reetableringsgruppa hadde sitt fyrste møte digitalt den 10 desember 2020 der ein gjekk gjennom status og kva forventningar dei forskjellige deltakarane har til prosessen. Det var ønskje om eit fysisk møte ut på nyåret. Her er det Covid-19 situasjonen som avgjer.

Det er no bekrefta at det det er to ulike variantar av CWD i Norge som er ulik dei ein kjenner frå Nord-Amerika/ Canada. Sjå link:

<https://www.hjortevilt.no/unike-prionstammer-er-bekreftet-hos-hjortedyr-i-norge/>

<https://www.pnas.org/content/early/2020/11/18/2013237117>

Arbeidsutvalet til Nordfjellarådet (Ordførar gruppa)

30 november hadde ordførarane og nordfjellarådet digitalt møte med departementa.

På møte deltok Klima og miljøvern minister Sveinung Rotevatn og Statssekretær i Mat- og Landbruks-departementet Widar Skogan i tillegg representantar frå Miljødirektotaret og Mattilsynet.

Hovedpunkt frå referatet:

Målsetninga om reetablering av villrein i Sone 1 ligg fast.

Kontaktmøte blir framover gjennomført administrivt. Politiske møter ved behov.

Finsnsiering av CWD koordinator stilling blir vidareført i åra som kjem.

Siste endring av soneforskrifta vart godt motteke.

Hjortevilt.

I 2019 kom det oppfordring frå MD om å redusere bestandane av anna hjortevilt betydeleg i det som vert kalla kartleggingsområde, 15 kommunar, i løpet av 2 år. Det vil seie 2019 og 2020. Det vart oppfordra å redusere til halvparten av 2016 bestanden. Evalueringss rapporten for 2019 kom i juni 2020 og den synte at det mangla ein del før målsetninga var nådd. I juni kom ei oversikt over tettheiten i hjorteviltbestanden i den enkelte kommune, det er rekna ut antall hjortevilt pr. km². Ønskje er at det skal vere under 1,5. No tydar det på at det varierar det mellom 0,8 – 5,1 dyr pr. km².

Resultatet av jaktseasonen 2020 er i skrivande stund ikkje klart då jakttida varer til 31/1-2021. Det er frå 2016 levert inn prøvar frå ca. 7500 hjort,elg og rådyr i kartleggingsområde. Alle negative. Det kan virke som artsbarrieren mellom rein og anna hjortevilt er stor. Elles i landet er det funne 1 elgku med atypisk CWD i 2020.

Universitetet i Oslo vil i løpet av vinteren setje i gang eit prosjekt for å vil forsøke å få betre kunnskap om størrelsen på bestandane av hjort. Dette vert kobla opp mot den vartellinga Lærdal har hatt i mange år. Det vert testa ut bruk av droner med varmesøkande kamera.

Under jakta i 2020 det frakta ut 169 dyr med helikopter. Budsjettet var på kr. 350000,-.

Ein av hjortane som vart merka i vår vart felt under jakta. 2 hjortar som har vore merka tidlegare er også felt. Den eine i Vang Kommune, merka i Lærdal, og den andre i Lærdal.

Det er planlagt å merke 10 dyr i vinter.

Dei merka dyra kan ein fylgje med denne linken:

https://kilden.nibio.no/?lang=nb&topic=viltkart&X=7195706.12&Y=275054.87&zoom=0&bgLayer=graa_tone_cache&layers=viltkart_spor,viltkart_geojson&layers_opacity=0.75,0.75

Villrein 2020:

Fellingsresultatet etter villreinjakta i sone 2 i 2020 syner at det vart felt 70 dyr. 14 kalv, 17 ungdyr og 51 vaksne. Det vart felt 16 vaksne bukkar og 31 vaksne simler. 57 prøvar vart sendt inn og analysert. Alle negative. I tillegg er nokre felte dyr av sone 2 flokken registrert under Hardangervidda.

Med prøveresultatet etter jakt er ein no ca. 82 % sikker på at det ikkje er smitte i sone 2.

Etter at jaktseasonen var over har villreikutvalet utført struktur teljing. Her vil ein få ei oversikt over kjønns og alders fordelinga i stamma.

Resultatet syner: 4.2% vaksen bukk, 7,5% bukk 2,5 år, 7,5% bukk 1,5 år, 57,7% simle og 22,1% kalv, 3% usikre.

Reetablering av villrein i sone 1

Her var fyrste møte i gruppa planlagt til 21 – 23 sept., men påvisinga av CWD på Hardangervidda gjorde at møtet vart utsatt.

Det vart halde eit digitalt møte i gruppa den 10/12-20, neste møte er ikkje tidfesta. Plan er at rapporten skal vere ferdig i 2021.

Påvisinga av sjukdom på Hardangervidde gjer at dyr derifrå til reetablering i sone 1 bør utelukkast. No er det flokken i sone 2 som er mest aktuell for reetablering, og må forvaltast med det som utgangspunkt.

Beitebruk

Beitesesongen 2020 gjekk greitt. Det er no 643 grindanlegg rundt tidlegare salteplassar for husdyr i Nordfjella-sonen. Etter at beitesesongen var over, har Mattilsynet utført tilsyn med grindanlegg og salteplassar. Utfyllande rapport kan ein finne her:

https://www.mattilsynet.no/dyr_og_dyrehold/dyrehelse/dyresykdommer/skrantesjuka_cwd_tilsynsrapport_nf_2020.41370/binary/Tilsynsrapport%20NF%202020

Sperregjerde

Sperregjerda langst Rv 52, Hemsedalsfjellet og langs Fv50, Aurland – Hol, er sjekka og reparert etter sist vinter. Etter henvendelse frå Mattilsynet vart portane/ grindene på deler av gjerde over Hemsedalsfjellet kontrollert. Grunnen var at dei hadde fått melding om at det var observert portar som sto opne. Under inspeksjonen var det ei grind som var open, denne vart stengt. For å hindre at grunder vert ståande opne kunne dei med fordel erstatta nokre med gjerdeklyv. Dette er stigar som som står i gjerde ved stiar.

Skuleprosjekt

Prosjektet «Ein dag i villrein fjellet» er gjennomført. 8 skular meldte seg på, og 109 elevar deltok. Dette er eit opplegg som er meint å gje elevar i 6 klasse litt kunnskap om villrein. Gjennomføringa vart pga. Coronaen avvika litt annleis enn det som fyrst var tenkt. I staden for eit besøk på skulane i mai/juni fekk skulane tilsendt eit undervisnings opplegg frå Tuva Flor Lien på Norsk Villreinsenter Sør, som dei skulle gå gjennom på eigahand. Dette besto av korte video filmar med forskjellige tema, forslag til rollespel og spørsmål (kahoot).

Runde 2 med ein aktivitets dag ute vart gjennomført som planlagt i august/ september, med dei corona tiltaka som ein vart pålagt. Dette var ei lett blanding av teoretiske og praktiske oppgåver. Det vart starta med spørsmål knytt til det undervisnings opplegget dei hadde fått tilsendt. Det var tydeleg at budskapet hadde gått inn hjå elevane. Seinare var det rollespel der ein hadde fokus på utfordringar villreinen er utsett for, klimaendringar, innsnevring av beiteareal, forstyrrelsar m.m. Elevane fekk og prøva seg med skyting med pil og bøge. Dette vart populært. Til lunsj fekk dei servert steikt reinskjøt med salat, tyttebær og rømme i lefse (reinsdyr kebab).

Etter at runden var gjennomført er det sendt ut eit evalueringsskjema til skulane. Berre positive tilbakemeldingar. Målet er at dette tiltaket skal fortsette fram til villreinen er tilbake i sone 1.

Lærdal 20 januar 2021

Lars Nesse

-CWD koordinator-

